



Arkivnr: 2014/22661-2
Saksbehandlar: Åshild Fossgard Sandøy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		03.06.2015
Fylkesutvalet		19.06.2014

Elbil på ferje

Samandrag

Elbilar har dei siste åra vore tilgodesett med ei rekke fordelar frå nasjonale og lokale offentlege styresmakter. Blant anna er elbil gratis (førar betalar vaksen persontakst) på alle fylkesvegferjer i fylket som følgje av at me nyttar Riksregulativ for ferjetakstar (ref. vedtak om dette). Etter kvart som elbilbruken aukar opplev ferjeoperatørane inntektstap då elbilane er til foretrekk for vanlege personbilar.

I fylkestinget 9.12.2014 vart det fremja følgjande verbalforslag i samband investeringsbudsjettet i sak nr PS 75/2014:

«32. Fylkestinget ber om en sak for å vurdere den strekningsvise inntektssvikten som følge av at el-biler kan reise gratis på fylkesvegferger»

Fylkesrådmannen vil i denne saka gjere greie for den strekningsvise inntektssvikten.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek utviklinga i trafikktil knytt til bruk av elbil på fylkesvegferjene til orientering.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør Samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.05.2015

Tiltak for å auke talet elbilar

I samsvar med dei aller fleste ferjekontraktane i landet, fastset Hordaland fylkeskommunes ferjekontraktar at billettakstane skal følgje Riksregulativet for ferjetakstar som vert vedtatt av Stortinget. Fram til 2009 medførte Riksregulativet at elbilar vart billettert likt som MC på alle riksvegferjer. Frå og med 1. januar 2009 lød Riksregulativet for ferjetakstar punkt 1.3 sjette avsnitt som følgjer:

«Elektriske kjøretøy med drivstoffkode 5 i vognkortet, og hydrogenkjøretøy med drivstoffkode 6, er gratis, men fører og passasjerer betaler passasjertakst etter vanlige regler».

Hordaland fylkeskommune har, i samsvar med dei aller fleste av landets fylkeskommuner, vald å halde fram med bruken av Riksregulativet og dermed oppretthalde betalingsfritaket for elbilar.

I tillegg til betalingsfritaket for elbilar på ferjer har både nasjonale og lokale offentlege myndigheitar dei siste åra iverksatt fleire fordelar for elbilbrukarar. Det er blant anna blitt etablert fleire ladestasjonar for elbilar i fylket, gitt løyve for tverrparkering og bruk av kollektivfelt, innvilga fri parkering fleire stader, og etablert fleire vegbomstasjonar kombinert med auke i bompengesats for bilar med fossilt drivstoff. Alt for å leggje til rette og stimulere til meir elbilbruk.

Effekten av auka elbilbruk på fylkesvegferjene

Alle fordelane som er gitt elbilbrukarar synest å ha hatt ein svært positiv effekt i form av at fleire nyttar elbil. I følgje Klimaplan for Hordaland 2014-2030 punkt 5.2.5 har

«[s]alet av elbilar i Hordaland [...] auka kraftig, med dobling i talet i 2010 og 2011 og heile 160% auke i bade 2012 og 2013. Elektriske køyretøy utgjer no 1,5 % av bilparken i Hordaland. I mars 2014 utgjorde sal av elbilar 20% av nybilsalet i Noreg og over 30% i Hordaland.»

For sambanda drifta av FosenNamsos Sjø AS har bruken av elbil auka slik:

Samband	Hatvik-Venjanaset		Halhjem-Våge		Hufthamar-Krokeide		Husavik-Sandvikvåg	
	Elbil	Vanlig (B02)	Elbil	Vanlig (B02)	Elbil	Vanlig (B02)	Elbil	Vanlig (B02)
2010	67	331 635	50	146 648	506	241 164	419	42 798
2011	219	342 220	238	156 401	918	257 079	489	49 621
2012	1560	338 617	858	160 768	2 251	263 340	449	51 109
2013	2943	355 997	1 202	165 721	6 507	263 614	936	49 972
2014	8250	362 644	4 308	172 468	19 989	260 777	2 789	52 306
1. kvartal 2015	3009		1 448		6 301		1 151	

For Norled AS har elbilbruken auka slik:

Norled AS								
Samband	Kvandal-Kinsarvik-Utne		Gjerm.-Var-Årsnes		Jondal - Tørvikbygd			
	Elbil	Køyretøy	Elbil	Køyretøy	Elbil	Køyretøy		
2012	43	168 783	87	229 386	232	100 631		
2013	64	158 007	137	246 633	338	155 529		
2014	464	114722	1823	244136	1 328	179 396		
Norled AS								
Samband	Ranavik - Skjersholmane		Skånevik-Matre-Utåker		Jektevik-Nordhuglo-Hodde		Fjelberg-Skjersholmane	
	Elbil	Køyretøy	Elbil	Køyretøy	Elbil	Køyretøy	Elbil	Køyretøy
2012	257	117 046	15	73 420	37	155 665	479	27 030
2013	857	138 756	57	82382	304	171 057	545	28 487
2014	2 989	149 536	695	81879	1 440	184 074	607	27 615
Norled AS								
Samband	Langevåg- Buavåg		Leirvåg-Sløvåg-Skipavik		Fedje - Sævrøy			
	Elbil	Køyretøy	Elbil	Køyretøy	Elbil	Køyretøy		
2012	40	73 952	42	165 925	0	41 922		
2013	175	76 724	61	181 637	4	44 589		
2014	470	77 604	515	197 238	166	45 289		

Oppsummert har dei to operatørane blitt påført høvesvis 2,4 MNOK og om lag 80.000 NOK i inntektstap frå 2011 og fram til april 2015. Begge operatørane hevder at dette er tap som dei ikkje hadde mogelegheit til å føresjå ved anbudsinnlevering og har derfor fremja krav mot Hordaland fylkeskommune for å få kompensert desse inntektstapa.

Fylkesrådmannen ser at FosenNamsos har opplevd ein ekstraordinær auke i tal elbilar og vurderer derfor kravet frå FosenNamsos som rettmessig. Det er på denne bakgrunn inngått avtale med FosenNamsos om særskilt kompensasjon for auke i tal elbilreiser.

Mogelegheit for endring i takstreglementet for elbilar på fylkesvegferjar

Med alle dei tiltaka som er iverksatt for å stimulere til elbilbruk, synest det sannsynleg at andelen elbilar på fylkesvegferjene vil fortsette å auke ytterlegare i åra som kjem. Dersom fylkeskommunen vil unngå å måtte kompensere ferjeoperatørane for framtidige inntektstap som følgje av auke i bruk av elbil, er det fullt mogeleg å fjerne dagens betalingsfritak for elbilar på fylkesvegferjer. Ein slik rett følgjer av fylkeskommunen sin rolle som løyvemynde for fylkesvegferjene i Hordaland og vart stadfesta av Samferdselsdepartementet overfor Sør- Trøndelag fylkeskommune då dei valde å oppheve betalingsfritaket for elbilar frå 1. juni 2014.